



DET KONGELEGE  
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

12/50-1

8.10.2012

**Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2013 - programkategori 13.50  
Distrikts- og regionalpolitikk – førebels rammer**

Kommunal- og regionaldepartementet vil med dette informere om framlegget frå regjeringa til budsjett for 2013 for gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken, og om førebels fordeling av budsjetttramma under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Sjå Prop. 1 S (2012–2013) *Kommunal- og regionaldepartementet* for meir informasjon.

Dei endelege oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev vil bli sende ut etter at Stortinget har handsama budsjettforslaget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlane. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

***I. Rammer for 2013 under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk***

Regjeringa gjer i statsbudsjettet for 2013 framlegg om 2 680,1 mill. kroner under programkategori 13.50. Dette er ein reduksjon i dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under Kommunal- og regionaldepartementet på 6,3 mill. kroner frå saldert budsjett 2012.

Førebels fordeling av løyvinga som er føreslegen under programkategori 13.50 på kapittel/postar, i tusen kroner:

Nemning	Saldert 2012	Forslag 2013
Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling	1 500 950	1 525 950

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift	628 600	557 700
Kap. 552, post 21 Kunnskapsutvikling, informasjon o.a.	15 500	14 200
Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling	30 000	30 000
Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling*	484 100	520 200
Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling	27 200	32 000

I punkt III er rammer og nye prioriteringar for dei einssilde postane nærare presenterte. I tillegg er det lagt ved førebels oversikt over fylkesfordelinga for ramma på kap. 551, post 60.

## ***II. Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar***

Statsbudsjettet tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere frie til å busetje seg der dei ønskjer. Regjeringa vil også sikre likeverdige levekår og utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet. I 2013 legg departementet fram ei ny stortingsmelding om distrikts- og regionalpolitikken.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 skal bidra til å nå dei distrikts- og regionalpolitiske måla som regjeringa har sett, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktpolitiske verkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å skape verdiar og utvikle attraktive regionar for befolkning og næringsliv i alle delar av landet. Midlane under programkategori 13.50 er spesielt retta mot næringsutvikling og utvikling av lokalsamfunn.

Midlane skal medverke til å styrkje verdiskapinga i næringsmiljø og utvikle attraktive arbeidsplassar ved å fremje innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal òg medverke til å utvikle lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader.

Departementet legg vekt på tiltak som kan påverke val av bustad og bidra til entreprenørskap. Tiltaka skal fremje ei balansert utvikling mellom by og land. Ein variert arbeidsmarknad i alle delar av landet er naudsynt for å kunne oppretthalde busettingsmønsteret. Dette er ei utfordring i område med små arbeidsmarknader dominerte av næringar med nedgang i sysselsetjinga og med få høve til pendling. Samstundes har mange arbeidsmarknader utanfor dei største byregionane òg ei utfordring knytt til tilgangen på spesialisert arbeidskraft.

Kvinner, unge og innvandrarak er framleis prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken. Særskilde ordningar for å auke entreprenørskap blant kvinner har gitt gode resultat. Den delen av dei næringsretta midlane som er motteken av kvinner, er òg auka. Ordningane i seg sjølve har endra haldningar og skapa nytt

medvit om ulike verkemiddel i arbeidet med entreprenørskap blant kvinner i lokalt og regionalt utviklingsarbeid. Departementet går difor inn for å redusere rammene til dei tiltaka som er særskilt retta mot kvinner hos Innovasjon Noreg og SIVA, og at ordningane i større grad inngår i den ordinære programverksemda til verkemiddelaktørane. Departementet vil framleis at fylkeskommunane skal setje måltal for kvinnedelen innanfor forvaltninga av bedriftsretta midlar og tiltak.

### *III. Førebels rammer og fordelingar for dei einskilde tilskotspostane*

#### **Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling**

Regjeringa føreslår å løyve 1 525,95 mill. kroner på kap. 551, post 60 for 2013, som blir fordelte til fylkeskommunane. Førebels fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Endeleg fylkesfordeling vil bli nedfelt i tilskotsbrev for 2013.

Fylkeskommunane kan i avgrensa omfang delegere forvaltningsansvar til ikkje-heileigde offentlege selskap.

Fylkeskommunane skal innanfor rammene dei har, dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader for oppdrag som dei gjev til Innovasjon Noreg, SIVA og Forskingsrådet. Fylkeskommunane og Innovasjon Noreg vil seg imellom avtale omfanget av slike kostnader knytt til Innovasjon Noreg-tenester som fylkeskommunane finansierer. Beløpet i avtalen vil bli trekt frå totalramma som blir overført til fylka, fordi desse midlane skal bli overførte direkte frå departementet til Innovasjon Noreg. For å fordele ramma på kap. 551, post 60 til fylkeskommunane har departementet, inntil endeleg beløp er fastsett, nytta beløpet 49 mill. kroner til administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Ramma til fylkeskommunane blir fastsett etter både objektive kriterium og skjønn. Den objektive fordelinga skal medverke til å nå både distriktpolitiske og regionalpolitiske mål. Samla gjev fordelinga ein klar distriktsprofil:

- *Distriktpolitisk komponent*

Fordelinga av ramma mellom fylkeskommunane skjer i hovudsak på grunnlag av folketal innanfor dei einskilde sonene av det distriktpolitiske verkeområdet, med vektning av sonene etter distriktpolitisk prioritet.

- *Regionalpolitisk komponent*

For at alle fylkeskommunane skal kunne fylla rolla si som regional utviklingsaktør, får alle eit fast beløp (botnplanke) utan avkorting. Sentralfylka (Oslo, Akershus, Vestfold og Østfold) får òg ein garantisum, som saman med botnplanken gjev fylka eit minstebeløp.

Det blir tildelt midlar til kommunale næringsfond, omstilling og Interreg IV A basert på skjøn. Midlane til grenseregionalt programsamarbeid gjennom Interreg IV A for perioden 2007–2013 er fastlagde i samråd med fylkeskommunane. Fordelinga er den same som i 2012. Midlar til Interreg IV A kan ein sjå i oversikta over dei fylka som deltek, jf. vedlegg 2. Midlar til dei andre programma vil av praktiske omsyn bli overførte direkte til sekretariatsfylka som tidlegare. Tilskotsbrevet vil vise kva som blir overført til sekretariatsfylka.

### Viktige satsingar i 2013:

- *Kommunale næringsfond*

Departementet legg opp til ei vidareføring av tildelinga på 225 mill. kroner. Løyvinga skal gjere kommunane betre i stand til å leggje til rette for vekst, verdiskaping og sysselsetjing. Kommunale næringsfond skal ein sjå i samanheng med arbeidet for å styrkje Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og Innovasjon Noreg sitt arbeid med å skape meir entreprenørskap i kommunane. Departementet føreset at løyvinga til kommunale næringsfond blir teken i bruk ved at kommunar eller regionråd får alle midlane.

- *Omstilling*

Kommunal- og regionaldepartementet legg førebels opp til ei løyving på 62 mill. kroner til omstillings- og nyskappingsarbeid i vanskelegstilte kommunar/regionar på kap. 551, post 60. Beløpet er basert på innspel frå fylkeskommunane. Midlane vil gje fylkeskommunane høve til å støtte opp om kommunar/regionar der hjørnesteinsbedrifter er lagde ned, eller der næringar har hatt store reduksjonar i sysselsetjinga. Ei oversikt over fylkeskommunar som får tildelt midlar til omstilling, kan ein finne i vedlegg 2.

- *Verdiskaping i fjellområda*

Fjellområda har særleine utfordringar for næringsutvikling og verdiskaping. Departementet legg opp til ei satsing over fem år for å styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda. Midlane skal nyttast til innsats på tvers av fylkeskommunane og bidra til nettverksbygging, auka kompetanse og innovasjon i fjellområda. Innrettinga vil bli avklara i dialog med aktuelle fylkeskommunar og nasjonale aktørar. For 2013 er det sett av 10 mill. kroner.

- *Kapasitetsbygging til utsette kommunar til lokalt utviklingsarbeid*

Departementet legg opp til ei årleg ramme på 15 mill. kroner til eit nytt utviklingsprogram for utvalde kommunar. Denne ordninga skal styrkje kapasiteten til og kompetansen om lokalt utviklingsarbeid for dei kommunane som særleg treng dette. Fylkeskommunane skal forvalte ordninga saman med Distriktssenteret. Distriktssenteret vil få eigne midlar til dette arbeidet. Det blir lagt opp til at ordninga skal gå over fem år.

### **Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift**

Regjeringa har gjort framlegg om ei løyving på 557,7 mill. kroner på denne posten for 2013. Departementet vil kome attende til den fylkesvise fordelinga av rammene når desse ligg føre etter årsskiftet 2012/2013.

Midlane på posten skal bidra til å nå dei same måla som gjeld for tilskota til fylkeskommunane til regional utvikling (kap. 551, post 61). Midlane på posten går til område som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift, eller som fekk gjeninnført ordninga med ei høgare sats enn før 2004. Ved bruk av midlane skal det bli lagt vekt på utvikling av næringsliv og arbeidsplassar.

Utrekningsgrunnlaget for differensiert arbeidsgivaravgift blei endra i 2007. Endringa gjev eit årleg restbeløp, som skal nyttast til å byggje ut breiband i det distriktspolitiske verkeområdet. Etter avtale med departementet kan midlane nyttast til andre infrastruktur- og næringstiltak innanfor verkeområdet, under dette mobildekning.

Bodø og Tromsø har hatt vesentleg sterkare sysselsetjing og folketalsutvikling samanlikna med andre kommunar som ikkje fekk tilbake ordninga med redusert arbeidsgjevaravgift. Difor blei løyvinga til Nordland og Troms fylkeskommunar redusert i 2012. Løyvinga til Nordland og Troms fylkeskommunar vil bli redusert også i 2013.

Av omsyn til dei utfordringane som landsdelen står overfor, har Kommunal- og regionaldepartementet som mål å sikre at midlane i større grad enn i dag får ringverknader i heile landsdelen. Departementet legg difor til grunn at Nordland og Troms fylkeskommunar i stor grad bruker midlane på tiltak utanfor byane Bodø og Tromsø. Det vil seie i distrikta i dei to kommunane og i andre kommunar i fylka.

### **Kap. 552, post 62 Nasjonale tiltak for lokal samfunnsutvikling (LUK)**

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på 30 mill. kroner til satsinga Lokal samfunnsutvikling i kommunane i 2013, same beløp som i 2012. Fylkeskommunane er ansvarlege for satsinga og gjennomføringa av tiltaka. Dei skal planleggje, konkretisere og setje i verk tiltak saman med kommunane og andre samarbeidspartnarar. Innsatsen tek utgangspunkt i utfordringane i den einskilde regionen og skal byggje vidare på etablerte strategiar i regionar og kommunar. Satsinga skal òg medverke til å samordne det lokale og regionale utviklingsarbeidet i fylkeskommunane. Løyvinga blir tildelt fylkeskommunane etter søknad innan 1. mars 2013. Løyvinga skal rettast mot tiltak kommunane set i gang for å utvikle attraktive lokalsamfunn. Retningslinjene for tilskotsordninga vil bli formidla via heimesida til LUK-satsinga.

## Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Regjeringa føreslår ei løyving på 520,2 mill. kroner på kap. 552, post 72 i 2013. I oversiktene nedanfor viser vi førebels fordeling av ramma for 2013 på program og innsatsområde i Innovasjon Noreg, SIVA, Noregs forskingsråd og Kommunal- og regionaldepartementet, samanlikna med saldert budsjett 2012. Departementet har i teksten under i hovudsak kommentert satsingsområde der det skjer ei endring frå 2012 til 2013.

Endeleg fordeling mellom aktørar, program og innsatsområde vil bli nedfelt i oppdragsbrev for 2013. Verkemiddelaktørane kan gjere framlegg om mindre justeringar mellom program og innsatsområde innanfor desse rammene. Vi ber om at eventuelle ønske frå SIVA, Innovasjon Noreg eller Noregs forskingsråd om endringar i fordelinga av midlar på program og innsatsområde blir tekne opp i god tid før halvårsmøta i haust.

- SIVA – samla økonomisk ramme: 87 mill. kroner

Arbeidsmål	Program	Saldert 2012	Forslag 2013
1.1 Styrkje næringsmiljø	Næringshageprogrammet	40,0	43,0
	Inkubasjon (FoU, industri, mat og natur)	29,3	35,0
	Regionalisering og nettverk m.m.	3,0	3,0
1.3 Entreprenørskap	Kvinnovasjon	11,0	6,0
<b>Sum</b>		<b>83,3</b>	<b>87,0</b>

For å styrkje arbeidet med næringsutvikling og arbeidet med å skape gode innovasjonsstrukturar aukar departementet i 2013 løyvinga til Næringshageprogrammet og til Inkubasjon, den reorganiserte satsinga på inkubatorar.

Departementet vil auke den samla økonomiske ramma til SIVA med 4,4 % frå 2012 til 2013 (3,7 mill. kroner). Næringshageprogrammet vil få ein auke på 3 mill. kroner til 43 mill. kroner og Inkubasjon ein auke på 5,7 mill. kroner til 35 mill. kroner. Innsatsen under tiltaket Kvinnovasjon vil bli redusert med 5 mill. kroner. Fleire av måla dette tiltaket skulle bidra til å fremje, er nådde, og departementet meiner tiltak særleg retta mot kvinner i større grad bør gå inn som ein del av den ordinære programverksemda i SIVA, jf. merknadene innleingsvis under Del II.

- Innovasjon Noreg – samla økonomisk ramme: 183,8 mill. kroner (administrasjons- og gjennomføringskostnadene er medrekna i tala)

Arbeidsmål	Program og satsingar	Saldert 2012	Forslag 2013
1.1 Styrkje næringsmiljø	NCE-programmet, Arena-programmet og Bedriftsnettverk	74,5	74,5
1.2 Vidareutvikle etablerte føretak	Designprogrammet, Kompetanseprogrammet	12,9	12,9
1.3 Entreprenørskap	Ung gründer, inkludert mentorordning for unge, Høgvekst, Førsteline for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK), tovegs informasjonsteneste for gründerar på nett	37,1	42,1
2.1 Kompetanse	Utvikling av næringsrelevant utdanning		20,0
Særskilde satsingar, tverrgående tema, tenesteutvikling	Kultur og opplevingar, Regional omstilling, Kvinner i næringslivet, Norsk næringsliv i bioøkonomien	27,9	28,9
Analysar og profilering	Analysar, evalueringar og profilering	5,4	5,4
<b>Sum</b>		<b>157,8</b>	<b>183,8</b>

Den samla økonomiske ramma til Innovasjon Noreg aukar med 16,48 % frå 2012 til 2013.

Departementet føreslår å gje Innovasjon Noreg 5 mill. kroner til utvikling og muleg oppstart av eit nytt program, "Norsk næringsliv i bioøkonomien". I tillegg kan Innovasjon Noreg styrkje denne satsinga ved å nytte overførte midlar frå tidlegare år.

Departementet føreslår 10 mill. kroner til utvikling av ei ny, nettbasert interaktiv teneste for gründerar. Tenesta skal gjere det lettare for gründerar å finne informasjon og raskt få svar på spørsmål både om ordningar i regi av Innovasjon Noreg og annan informasjon som gründerar kan dra nytte av. Innovasjon Noreg får ansvaret for å sikre ei eigna rolledeling med Altinn.no, førstelinjetenesta i kommunane og andre relevante aktørar.

Departementet foreslår 20 mill. kroner til å styrkje den langsiktige innsatsen for å utvikle næringsrelevant utdanning. Det vil styrkje evna kunnskapsinstitusjonane har til å levere kompetent arbeidskraft som er tilpassa behovet til det regionale næringslivet. Det blir stilt krav om dialog og samarbeid med næringslivet og relevante fagmiljø. Innsatsen vil mellom anna vere eit supplement til innsats gjennom samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og offentleg støtta næringsklynger. Innovasjon Noreg får hovudansvaret for tiltaket, som skal utviklas i nært samarbeid med Forskingsrådet, SIVA, fylkeskommunane og andre relevante aktørar. Departementet ber i første omgang om at saka blir drøfta på det komande halvårsmøtet med Innovasjon Noreg.

Kvinner i næringslivet har fått redusert tilskot med 4 mill. kroner samanlikna med i fjor. Departementet legg opp til at tiltak særleg retta mot kvinner i større grad vil gå inn som ein del av den ordinære programverksemda, jf. merknadene innleingsvis under Del II. Det er i 2013 ikkje sett av midlar til den særskilde satsinga for entreprenørskap og nyskaping blant unge i nord. Innovasjon Noreg skal innanfor sine rammes framleis arbeide særskilt for unge entreprenørar i nord og rapportere på dette.

- Noregs forskingsråd – samla økonomisk ramme: 84,2 mill. kroner

Mål	Program	Saldert 2012	Forslag 2013
1.1 Styrkje næringsmiljø	VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon), frå 2013 inkludert regionale representantar	39,0	44,2
	Regionale representantar (2012)	1,2	0,0*
2.1 Kompetanse	Forskingsløft i nord	35,0	40,0
<b>Sum</b>		<b>75,2</b>	<b>84,2</b>

\* Midlane til regionale representantar er frå 2013 inkludert i løyvinga til VRI

Innsatsen på kap. 552, post 72 til Forskingsrådet er auka med 12 % frå 2012 frå 75,2 mill. kroner til 84,2 mill. kroner. Departementet vil auke ramma til VRI-programmet med 5,2 mill. kroner. Summen inkluderer 1,2 mill. kroner til regionale representantar, som frå 2013 blir lagde inn i VRI-programmet. Auken skal mellom anna gå til å styrkje Forskerskolen for innovasjonsforskning og læring. Forskingsløft i Nord blir auka med 5 mill. kroner til 40 mill. kroner.

Departementet kjem attende til løyvingar på kap. 500, post 50 til DEMOSREG og Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM) i endeleg tildelingsbrev.

- Andre satsingar på kap. 552. post 72

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over førebels fordeling av midlar til nokre av dei satsingane og programma som blir finansierte under programkategori 13.50, og som kan vere relevante for verkemiddelaktørane.

<b>Program og innsatsområde</b>	<b>Saldert 2012</b>	<b>Forslag 2013</b>
Verdiskapingsprogram for lokale og regionale parkar	10,0	10,0
Internasjonalt arbeid	39,2	38,9
Bulyst (inkl. kultur- og næringspilotar)	42,0	35,0
Utviklings- og investeringsstøtte til daglegvarebutikkar i distrikta, inklusive midlar til drivstoffanlegg	34,2	32,7
MERKUR-programmet	9,0	9,0*
Verdiskapingsprogram for naturarven	10,0	10,0
Ungt Entreprenørskap	12,0	12,0
Ungt Entreprenørskap i Nord-Noreg	1,0	1,0
Forsøk med gratis ferjesamband	2,8	0,7
Forsøk med førarkort	1,5	1,5
Statens pris for attraktiv stad	0,8	0,8
Program for regional utviklingskraft	0,0	7,5

\* MERKUR-programmet får òg midlar frå kap. 552, post 21 til administrasjons- og gjennomføringskostnader.

Departementet vil gje 35 mill. kroner til Bulyst i 2013. Midlane skal nyttast til å støtte opp om lokale, regionale og nasjonale utviklingsprosjekt som fremjar bulyst i heile landet. Ordninga skal vidareutvikle kunnskap om kva som aukar sjansane for at busette og tilflyttarar trivst og blir buande. Fylkeskommunane vil framleis ha ei sentral rolle i arbeidet.

Det er føreslått 7,5 mill. kroner til eit utviklingsprogram for å styrkje små og mellomstore byar som regional utviklingskraft. Programmet skal identifisere kva byane har å seie for næringspotensialet i omlandet og regionen. Dette skal vere grunnlag for å peike ut strategiar og tiltak tilpassa den enkelte regionen. Departementet vil samarbeide om å konkretisere programmet med representantar for dei aktuelle byane, kommunane rundt, fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Forskningsrådet og SIVA.

Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar blei etablert som tilskotsordning i 2012. Ordninga blir vidareført, og i 2013 er det sett av 10 mill. kroner til programmet.

MERKUR-programmet og tilskotsordninga for utviklings- og investeringsstøtte til utkantbutikkar blir forvalta av Mentor AS på vegner av Kommunal- og regionaldepartementet. MERKUR-programmet er eit kompetanseutviklingsprogram for dei minste daglegvarebutikkane i distrikta. Utviklings- og investeringsstøtta for utkantbutikkar blei etablert i 2010 og blir vidareført i 2013. I 2012 blei det etablert eit eige investeringsstilskot for å bidra til å betre drivstofftilgangen i distrikta. Dette blei gjort gjennom å etablere eller halde ved like drivstoffanlegg i tilknytning til daglegvarebutikkar eller ved etablering av nye, mobile drivstoffanlegg. Ordninga blir vidareført i 2013.

### **Kap. 554 post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling, Distriktssenteret**


Distriktssenteret er eit forvaltningsorgan under Kommunal- og regionaldepartementet og skal støtte opp om lokal utviklingskraft og initiativ. Det overordna målet for senteret er å vere ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområda. Denne rolla skal fyllast gjennom samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, andre regionale aktørar, nasjonale verkemiddelaktørar som Innovasjon Noreg og SIVA, organisasjonar og lokale eldsjeler.

Distriktssenteret har ei særleg viktig oppgåve i å formidle erfaringar frå ulike prosjekt, og i den samanhengen er kunnskapsdeling eit stikkord. Heimesida til Distriktssenteret, [www.distriktssenteret.no](http://www.distriktssenteret.no), er sentral i dette arbeidet. Distriktssenteret skal medverke til å gje ei betre oversikt over kva slags satsingar som lukkast, og kva som kjenneteiknar desse, slik at andre kan lære av dei gode eksempla.

Departementet føreslår å auke løyvinga til Distriktssenteret med 4 mill. kroner. Midlane er knytte til at senteret skal delta i eit nytt tiltak for å byggje ut kapasiteten til å drive lokalt utviklingsarbeid i utsette kommunar. Rolla til Distriktssenteret vil vere å vere eit nasjonalt kompetanseorgan innanfor lokal samfunnsutvikling overfor kommunar og fylkeskommunar.

Distriktssenteret har sekretariatsansvaret for utdeling av Statens pris for attraktiv stad. Prisen blir delt ut årleg for å framheve kommunar og/eller andre aktørar som har vist vilje og evne til å skape ein levande og attraktiv stad.

Med helsing

  
Liv Signe Navarsete

Vedlegg 1: Fylkesfordeling av kap. 551, post 60

Vedlegg 2: Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling og Interreg IV A

## Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Schweigaards g. 4	0185	OSLO
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyngs. 9	3126	TØNSBERG
Aust-Agder fylkeskommune	Serviceboks 606	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Hauges g. 89	3020	DRAMMEN
Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling	Ogndalsveien 2	7713	STEINKJER
Finnmark fylkeskommune	Henry Karlsens pl. 1	9800	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Fylkeshuset, Parkg. 64	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Mentor AS	Postboks 200	6801	FØRDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens g. 100	8002	BODØ
Nord-Trøndelagsforskning	Postboks 4057 Nordsia	7726	STEINKJER
Norges forskningsråd	Postboks 2700 St. Hanshaugen	0131	OSLO
Oppland fylkeskommune	Kirkeg. 76	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
SIVA - Selskapet for industrivekst SF	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Posttuttak	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Fylkeshuset	3706	SKIEN
Troms fylkeskommune	Grønnegata 13	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Serviceboks 517	4605	KRISTIANSAND S

Vedlegg 1:

**2013: Fylkesfordeling av kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling**

Fylke	2012					2013				
	Objektivt	Omstilling	Kommunale næringsfond	Interreg	Totalt 2012	Objektivt	Omstilling	Kommunale næringsfond	Interreg	Totalt 2013
Østfold	9,00	0,00	2,70	9,35	21,05	9,00	3,00	2,70	9,35	24,05
Akershus	9,00	0,00	0,00	8,44	17,44	9,00	0,00	0,00	8,44	17,44
Oslo	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50
Hedmark	56,89	2,00	14,50	5,94	79,33	56,89	2,00	14,50	5,94	79,33
Oppland	56,99	5,00	11,48	0,00	73,47	56,98	6,00	11,48	0,00	74,46
Buskerud	23,77	2,00	4,10	2,50	32,37	23,92	4,00	4,09	2,50	34,51
Vestfold	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50	9,00	0,00	0,00	2,50	11,50
Telemark	49,57	0,00	7,39	2,50	59,46	49,62	0,00	7,39	2,50	59,51
Aust-Agder	21,90	0,00	8,56	2,50	32,96	21,95	0,00	8,56	2,50	33,01
Vest-Agder	25,54	0,00	6,56	2,50	34,60	25,68	0,00	6,56	2,50	34,74
Rogaland	23,24	2,00	6,87	0,00	32,11	23,37	4,00	6,87	0,00	34,24
Hordaland	58,15	5,00	10,80	0,00	73,95	58,33	3,00	10,80	0,00	72,13
Sogn og Fjordane	69,26	9,00	18,51	0,00	96,77	69,50	8,00	18,51	0,00	96,01
Møre og Romsdal	96,23	3,00	26,51	0,00	125,74	96,71	2,00	26,52	0,00	125,23
Sør-Trøndelag	62,19	1,50	15,92	5,49	85,10	62,35	0,00	15,92	5,49	83,76
Nord-Trøndelag	76,88	4,00	20,03	5,49	106,40	77,16	5,00	20,03	5,49	107,68
Nordland	207,19	9,00	29,49	8,76	254,44	207,82	7,00	29,49	8,76	253,07
Troms	133,06	10,00	22,61	7,48	173,15	133,69	8,00	22,61	7,48	171,78
Finnmark	93,31	13,00	18,97	5,33	130,61	93,70	10,00	18,97	5,33	128,00
Innovasjon Norge*					49,00					49,00
Totalt	1090,17	65,50	225,00	71,28	1500,95	1093,67	62,00	225,00	71,28	1500,95

\*Midlane til å dekke gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Norge som vert finansierte over kap. 551, post 60, vert overførte direkte til Innovasjon Norge frå og med 2011

Uttrekk 10 mill til fjellregioner og 15 mill til utsatte kommuner er ikke synliggjort i tabellen.

Forordningskriterium 2013:

1 Vekting av folketal innanfor det distriktpolitiske verkeområdet: Sone II \*0,10, sone III \*0,3, sone IV \*0,45, tiltakszona \*0,6

2 Alle fylka får ein bonnplanketildeling på 3 mill. kr

3 Fylka som etter kriterium 1 og 2 får ei tildeling på mindre enn 9 mill. kr, får 9 mill. kr (garantisum)

4 Ny vekst er avslutta

5 Skjønnsdeling til fylka med regionar og lokalsamfunn med store omstillingsutfordringar.

6 Skjønnsdeling til kommunale næringsfond.

7 Skjønnsdeling til europeisk territorielt samarbeid (Interreg).

## Vedlegg 2.

### Statsbudsjettet 2013: Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling og statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg IV A

#### A. Grunnlag for tildeling etter skjøn til omstilling

Tildelinga av midlar til omstilling er basert på utfordringar i områda og byggjer m.a. på innspel frå fylkeskommunane. I tråd med ansvarsreforma er det likevel opp til fylkeskommunane og partnerskapa å disponera den tildelte ramma ut frå behov som oppstår. Fylke som mottok omstillingsmidlar i 2013: Østfold, Hedmark, Oppland, Buskerud, Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark. Nærare opplysningar blir synleggjort i tilskotsbrev.

#### B. Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg IV A og ENPI<sup>1</sup>.

Mill. kr.

Fylke	Nord	ENPI	Botnia- Atlantica	Sverige- Norge	Øresund- Kattegat- Skagerrak
Østfold				6,85	2,50
Akershus				5,94	2,50
Oslo					2,50
Hedmark				5,94	
Buskerud					2,50
Vestfold					2,50
Telemark					2,50
Aust-Agder					2,50
Vest-Agder					2,50
Sør-Trøndelag				5,49	
Nord-Trøndelag				5,49	
Nordland	2,665	2,665	3,43		
Troms	4,815 <sup>2</sup>	2,665			
Finnmark	2,665	2,665			

<sup>1</sup> Grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor rammene av partnerskapsprogramma til EU for samarbeid på yttergrensene.

<sup>2</sup> Løyvinga til Troms inkluderer 2,15 mill. kroner for Noregs deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg IV A Nord.